

Elevar fekk bryne seg på fiskeolje og avløpsvatn

Biologi-elevar frå Haram vidaregåande skule fekk ta i bruk dei lærer på skulen i ein ny samarbeidsordning med fokus på realfagsatsing.

– Vi er veldig imponerte over resultatene, dei er dyktige elevar, seier Birgitte Ansok. Ho er ein av mentorane ved Marine Ingredients som var med å lære elevar frå HVS dei daglege oppgåvene hos bedrifta som produserer ulike produkt av fiskeolje.

Mentorordning

Frå initiativ ved HVS har skulen og Marine Ingredients samarbeida om å gi elevar som studerer biologi ein moglegheit til å bruke kunnskapen dei får på skulen i praksis. Dette skjer ved at elevar får opplæring av fagpersonar ved ei bedrift knytt til faget.

Ordninga blir kalla Lektor2, og er ei nasjonal realfagsatsing finansiert av Kunnskapsdepartementet.

27 elevar frå forskjellige kull i biologi blei delt i grupper og jobba blant anna med forsøk på emulsjon, ulike renseteknikkar på avløpsvatn, og å få triglyserid i fiskeolje om til etylester for å skape høgast mogleg konsentrasjon av omega 3-feittsyrer.

Bestod minimumskrav

Spesielt elevane som hadde i oppgåve å gjere om triglyserid til etylester imponerte mentorane.

– Det er eit minimumskrav om kor mykje etylester ein kan ha i fiskeolje, alt over 93% er godkjent. Nokre av elevane klarte å produsere fiskeolje med 97%, det er veldig bra, seier Birgitte Ansok.

Birgitte Ansok, William



AVSLUTNING Elevar fortel resten av klasserommet kva dei har lært frå utplasseringa ved Marine Ingredients. Begge foto: Peder Skjelten

Breivik, og Inger Ann Hjelle er nøgde med elevane og prosjektet, dei ser ikkje bort frå at Marine Ingredients vil gjenta dette med HVS seinare.

– Det er kjekt å få besøk og å vere med på dette, og å sjå kor flinke elevane er, seier Hjelle.

– Det kan godt hende vi blir med å gjenta dette, vi sit igjen med positivt inntrykk etter denne første gongen, seier Breivik.

Variasjon hjelp

Ei som imponerte mentorane var Dana Haberberger. Ho synest prosjektet var til god nytte for å sjå korleis det ho blir lært på skulen kan brukast i praksis.

– Det var veldig kjekt å vere

med på. Det er greitt å ha variasjon frå å sitje på skulen og jobbe med pensum til å vere ute i praksis og ta det ein lærer i bruk, då gir også det vi driv med på skulen meir mening, seier Dana Haberberger.

– Det var ikkje så vanskeleg. Litt hardt, men eg følte eg forstod det ganske godt, seier Haberberger.

– Er dette noko du kunne tenke deg å jobbe med i framtida?

– Kanskje ikkje akkurat dette, men eg har tenkt å jobbe innan forskning i framtida, seier Haberberger.

PEDER SKJELTEN
peder@nordrenett.no



SAMARBEID Tre mentorar frå Marine Ingredients til venstre og fem elevar frå Haram vidaregåande skule til høgre.

Idrettskretsen svarar fotballkretsen om AutoPASS for ferjer

Møre og Romsdal Idrettskrets har sendt svar til Sunnmøre Fotballkrets om AutoPASS-ferjebetaling.

I svaret frå Roar Lervik i Møre og Romsdal Idrettskrets erkjenner idrettskretsen at dei ikkje kjem langt med problemstillinga overfor Statens vegvesen.

– Vi kjem ikkje langt med dette. I svaret frå Statens vegvesen blir det vist til at ein slik ordning har vore kvardagen for

klubbar som er avhengig av å passere bommar med autopassbrikke, seier Lervik, som ikkje legg skjul på at det blir meir byråkrati for idrettslaga. Han påpeikar imidlertid at ferjebillett kan refunderast utan at kvitteringar ligg ved.

– Mange klubbar betaler også litt kilometerstøtte for køyring, og for desse blir det ikkje så mykje ekstraarbeid dersom utleggskjema eller reisesrekning blir levert, seier Lervik til avisa Nordre. Han viser

også til at Statens vegvesen, som er ansvarlig for AutoPASS-ferjebetaling, har eit svar til idrettslag på heimesida si.

Spørsmålet lyder; «Vi er et idrettslag/organisasjon, hvordan betaler vi?»

Svaret frå Statens vegvesen er også på bokmål.

– «Regelen som gav idrettslag og organisasjoner rett til å betale for flere kjøretøy med samme rabattgivende verdikort på samme tur, falt bort fra Riksregulativet for ferjetakster

1. januar 2019. Ved fornyelse av ferjekontrakter vil det stort sett innføres AutoPASS-brikker som betalingsmiddel. Regelen er at en AutoPASS-brikke alltid er knyttet til et bestemt kjøretøy, og på sikt må idrettslag og organisasjoner uansett forholde seg til at betalingsmiddelet er knyttet til et bestemt kjøretøy. Ved oppstart av AutoPASS for ferje er det vurdert som fornuftig å sikre at regelen er lik for alle betalingsmiddel som inngår i konseptet, dvs. Auto-

PASS-ferjekort og AutoPASS-brikker. Idrettslag og organisasjoner må derfor innrette seg slik at bileier kan få refundert dokumenterte utlegg for ferje-reiser f.eks gjennom reiseregning».

(Kjelde, autopassferje.no)

MAGNE KRUMSVIK
magne@nordrenett.no